

SAKSFRAMLEGG

Til:
Universitetsstyret

Møtedato:
29.11.2018

Sak:

Søknad om akkreditering og oppretting av masterprogram i jordmorfag

Innstilling til vedtak:

1. Universitetsstyret akkrediterer og godkjenn oppretting av masterprogrammet i jordmorfag. Fyrste opptak er hausten 2019. Programmet blir finansiert innanfor dei eksisterande budsjettrammene til Det helsevitskapelege fakultet.
2. Studiet er adgangsregulert med ein opptakskapasitet på 20 studantar per år.
3. Universitetsstyret godkjenn nedlegging av vidareutdanninga i jordmorfag frå og med hausten 2019.
4. Det helsevitskapelege fakultet bes om å følgje opp merknadane frå universitetsdirektøren.

Grunngjeving

I denne saka legg universitetsdirektøren fram forslag om akkreditering og oppretting av masterprogrammet i jordmorfag. Institusjonar som er akkreditert som universitet, har fullmakt til å sjølvakkreditere studietilboda som institusjonen skal tilby, jf. lov om universitet og høgskular § 3-3 (1). Ved UiT er det universitetsstyret som har det endelege ansvaret for å akkreditere nye studietilbod, og dermed sikre at innhaldet i studieprogram som fakulteta søker om å få etablere, er kvalitetssikra etter krava i [studiekvalitetsforskrifta](#) fastsett av Kunnskapsdepartementet og [studietilsynsforskrifta](#) fastsett av NOKUT.

Utfylt søknadsskjema for akkreditering av studieprogrammet og ny studieplan er lagt ved denne saka. Studieplanen blei godkjent av styret ved Det helsevitskapelege fakultet den 27.9.2018.

Bakgrunn

UiT har over ei årrekke hatt tilbod om jordmorutdanning på vidareutdanningsnivå. Utdanninga er ei profesjonsfagleg utdanning som byggjer på bachelor i sjukepleie. Vidareutdanninga er eit fulltidsstudium med eit omfang på 120 studiepoeng. I søknaden har fakultetet opplyst om at dei i sin strategiplan for perioden 2014-2020 har som mål å utvikle vidareutdanningar til masterstudium. Bakgrunnen er i all hovudsak innføringa av det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring (NKR) i 2011. I NKR er plasseringa til vidareutdanningane i gradsystemet uklar. Etter at NKR blei tatt i bruk, har fleire universitet og høgskular konvertert dei tradisjonelle vidareutdanningane for sjukepleiarar til masterutdanningar. UiT har dei seinare åra løfta mellom anna helsesysterfag (helsesjukepleie), samt vidareutdanningane i anestesi-, barn-, kreft-, intensiv- og operasjonssjukepleie opp på masternivå.

Ved UiT er jordmorutdanninga den siste vidareutdanninga i denne kategorien som fakultetet søker om å få akkreditert på masternivå.

Kort om det nye masterprogrammet

Masterprogrammet i jordmorfag er eit fulltidsstudium med eit omfang på 120 studiepoeng. Programmet har ni obligatoriske emne. Fire av desse emna er klinisk retta praksisstudium, og det er ingen valfrie emne. Teoriundervisninga er i all hovudsak lokalisert til Tromsø, men det kan vere aktuelt å opne for nettbasert undervisning eller undervisning ved andre campus. Praksisemna blir gjennomført i helseføretak og kommunar i heile Nord-Noreg. Utdanninga er omfatta av forskrift til rammeplan for jordmorutdanning. Fullført utdanning vil gje grunnlag for autorisasjon som jordmor, og utdanninga skal òg kunne kvalifisere for vidare opptak til ph.d-utdanning. Programmet blir finansiert innanfor dei eksisterande budsjetttrammene til fakultetet gjennom ei omfordeling av studieplassane frå vidareutdanninga i jordmorfag til det nye masterprogrammet. Planlagd opptakskapasitet er i utgangspunktet sett til 20 studieplassar per kull, men fakultetet har meldt tilbake til universitetsdirektøren at dei planlegg med ein opptakskapasitet på 18 studieplassar hausten 2019. Programmet skal ha opptak kvart år. Institutt for helse- og omsorgsfag (IHO) ved instituttleiing og instituttstyret har det overordna administrative og faglege ansvaret for programmet. Det daglege faglege ansvaret for programmet er lagt til studieleiing ved jordmorutdanninga.

Vurderingane til universitetsdirektøren

Søknadsskjemaet for akkreditering av nye studieprogram er tatt i bruk av fakulteta for fyrste gong hausten 2018. Skjemaet har blitt utarbeidd på bakgrunn av dei skjerpa krava i studiekvalitets- og studietilsynsforskrifta som er gjeldande frå februar 2017. Formålet med skjemaet er at fakulteta sjølv skal kunne gjere greie for, og sikre at alle naudsynte forhold er dokumentert på ein tilstrekkeleg måte. I utfylt stand skal skjemaet gi universitetsstyret dei opplysningane som trengst for å kunne gjere eit endeleg vedtak om akkreditering og etablering av nye studietilbod. Saka om akkreditering og etablering av masterprogrammet i jordmorfag er det fyrste programmet som blir lagt fram for universitetsstyret kor skjemaet er tatt i bruk. Universitetsdirektøren vil gjere oppmerksom på at ein stor del av krava som skal vere vurdert og dokumentert i skjemaet som er lagt ved denne saka, er faglege vurderingar som skal gjerast av fagmiljøet og den faglege programleiinga. Desse vurderingane har ikkje universitetsdirektøren nødvendige føresetnader til å gå nærare inn i. Vurderingane som gis vidare i denne saka vil derfor vere av administrativ art, og vil i all hovudsak dreie seg om overordna forhold som universitetsdirektøren ser at det er behov for å kommentere nærare.

Kvalitetssikring av studieprogrammet

Etter det universitetsdirektøren kan sjå, har fagmiljøet lagt ned mykje arbeid i å fylle ut skjemaet, og det verkar i utgangspunktet som at dei har sett seg godt inn i studiekvalitets- og studietilsynsforskrifta når dei har arbeidd med søknaden. I arbeidet med å kvalitetssikre det nye masterprogrammet, har det mellom anna vore sett ned ei arbeidsgruppe som har jobba intensivt med føringar i studieplanen og faglege val. Arbeidsgruppa har i sitt arbeid innhenta studieplanar og emneskildringar frå andre institusjonar som tilbyr jordmorutdanning for å få idear og døme på fagleg gode løysingar. Studieplan og eit fyrste utkast av emneskuldringar blei sendt på ekstern høyring i mai 2018. Høyringsinstansar har vore mellom anna Kommunanes sentralforbund (KS), Helse Nord, andre universitet- og høgskular, og studentdemokratiet. I tillegg blei det i februar 2018 sett ned ei ekstern styringsgruppe for masterprogrammet i jordmorfag. Denne gruppa har blant anna hatt medlemmar frå Norske kvinners sanitetsforeining, OsloMet, kommunesektoren, Helse Nord og ein student på jordmorutdanninga ved UiT. På desse møta har det blant anna blitt

gitt råd og rettleiing på oppbygging og fagleg innhald i studiet. Universitetsdirektøren vil gi fagmiljøet ros for at dei i kvalitetssikringa av studiet har sett til andre aktørar for å få innspel i utviklinga av studieplanar og emneskildringar. Det er viktig at UiT i utviklinga av sine studieprogram både er i stand til å hente inspirasjon, og ikkje minst få viktige innspel og tilbakemeldingar frå andre relevante aktørar. Det bidrar til å styrke den faglige kvaliteten i studiet, og det vil kunne bidra til å sikre at programmet blir godt forankra i avtakarfeltet.

Krav til fagmiljø

Fagmiljøet knytt til eit studietilbod skal ha ein storleik som står i forhold til talet på studentar, som er kompetansemesseg stabilt over tid, og ha ei samansetjing som dekkjer dei fag- og emna som inngår i studietilbodet, jf. studietilsynsforskrifta § 2-3 (1). For studietilbod på masternivå skal 50 prosent av fagmiljøet knyta til studiet bestå av tilsette med fyrstestillingskompetanse, kor minst 10 prosent med professor- eller dosentkompetanse, jf. studietilsynsforskrifta § 2-3 (4).

Fakultetet har i søknaden og i fagmiljøtabellen vist til at fagmiljøet innanfor jordmorutdanninga i dag er på fire årsverk, fordelt på fem personar i fast stilling. Av desse er to personar sett opp med fyrstestillingskompetanse i fagmiljøtabellen. Med studiekull på 2 x 20 studentar gir det i følge utrekningane til fakultetet 0,1 årsverk per student. I tillegg opplyser fakultetet om at IHO ved instituttleiar har løyvd lønnsmidlar til ei 20 prosents professor II-stilling, midlertidig i tre år frå hausten 2018. Stillinga vil kunne supplere fagmiljøet med professorkompetanse, og vil gje eit viktig bidrag i undervisning og forskning og utviklingsarbeid i programmet. Det blir i tillegg jobba med å søkje om midlar for å tilsetje ein til to ph.d-studentar over fire år, med 25 prosents undervisningsplikt for å styrkje undervisning- og forskning i det nye masterprogrammet. Universitetsdirektøren merkar seg at det frå fakultetet si side er gjort fleire grep for å forsterke fagmiljøet. Samstundes vil universitetsdirektøren understreke at det er eit større arbeid å skulle løfte ei tidlegare vidareutdanning opp på eit nivå som tilfredsstiller alle krava til akkreditering som er særskild for etablering av masterprogram etter studiekvalitetsforskrifta § 3-2. I denne forskrifta stilles det blant anna krav om at masterstudiet skal ha eit breitt og stabilt fagmiljø som består av tilstrekkeleg mange tilsette med høg fagleg kompetanse innanfor utdanning og forskning.

Universitetsdirektøren ser at fakultetet enno har ein jobb å gjere for å styrke fagmiljøet, både med omsyn til storleik og kompetanse. Det er samstundes viktig å understreke at UiT ikkje er i ein unik posisjon her. Dei seinare åra har også andre institusjonar i Noreg vore i en prosess kor jordmorutdanninga er løfta opp frå vidareutdanning til masternivå. Dette gjeld blant anna OsloMet, Universitetet i Sørøst-Noreg og Høgskulen på Vestlandet som alle har tilbod om jordmorutdanning på masternivå. Universitetsdirektøren vil derfor anbefale fakultetet å ha ein nær dialog med dei institusjonane som allereie tilbyr jordmorutdanning på masternivå for å hauste erfaringar med korleis dei har gått fram for å sikre at fagmiljøet er sterkt nok til å dekkje krava til akkreditering av studietilbod på masternivå.

Opptakskapasitet og tilgang på praksisplassar

I søknaden opplyser fakultetet om at jordmorutdanninga i dag er dimensjonert for opptak i tråd med kandidatmåltalet frå Kunnskapsdepartementet på 20 studentar. Samstundes viser fakultetet til at opptaket til programmet må sjåast i samanheng med tilgangen på praksisplassar. Det er utfordringar knytt til kapasitet i praksisfeltet, og tilgang på praksisplassar er i dag eit reelt hinder for å ta opp fleire studentar. Dette kan vere ein årsak som på sikt gjer at det vil vere ein viss risiko for at kandidatkravet frå departementet ikkje blir møtt. Fakultetet viser vidare til at dette er ei utfordring som utdanninga ikkje kan løyse aleine. Det er derfor et ønske frå utdanninga om at praksis og tilgangen på praksisplassar blir løfta til eit nasjonalt nivå. Universitetsdirektøren deler fagmiljøet si bekymring, og er derfor glad for at utdanninga opplyser om at dei i fyrste omgang

har planar om å invitere avdelings- og rettleingsjordmødrer frå helseføretaka i Nord-Noreg til ein dialog for å diskutere ulike løysingar for utdanning av nye jordmødrer. Universitetsdirektøren reknar med at Helsefak sjølv vil gje tilbakemelding dersom det på eit seinare tidspunkt vil vere behov for å diskutere desse utfordringane vidare med universitetsleiinga.

Når det gjeld opptaket for hausten 2019, har fakultetet opplyst om at dei planlegg ut frå ein kapasitet på 18 studieplassar. Universitetsdirektøren har ikkje fått noko nærare forklaring på kvifor talet på studieplassar er trekt ned samanlikna med måltala frå departementet. Universitetsdirektøren føreset at fakultetet legg til rette for at det blir tatt opp et tilstrekkelig tal på studentar slik at måltala blir nådd for kullet som tas opp i 2019.

Kvote for søkjarar frå Nord-Noreg og samisk språkkvote

Fakultetet har i søknaden bedt om å få vidareføre ordninga med ei eigen kvote for søkjarar frå Nord-Noreg på 80 prosent av studieplassane, inkludert ei samisk språkkvote på inntil 10 prosent av desse plassane. Dette er ei problemstilling som det av ulike årsaker ikkje vil vere mogleg å få endeleg avklart før det nye masterprogrammet skal ha fyrste opptak hausten 2019. Universitetsdirektøren vil derfor ikkje ta nærare stilling til om det skal etablerast ei eigen nordnorsk- og samisk kvote på masterprogrammet i jordmorfag i denne saka. Universitetsdirektøren har orientert fakultetet om dette i et eige brev (*ePhorte, sak 2018/3229-9*).

Universitetsdirektøren har ikkje nokre ytterlegere kommentarar til søknaden frå fakultetet. Det er nokre mindre merknadar til studieplanen på forhold som må rettast opp i, men desse tilbakemeldingane vil bli gitt til fakultetet i eit eige brev etter behandlinga av denne saka.

Jørgen Fosslund
universitetsdirektør

Heidi Adolfsen
Studiedirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev ikkje signatur

Saksbehandlar: Jørund Jørgensen, Avdeling for utdanning

Vedlegg

- 1 Søknadsskjema for akkreditering av master i jordmorfag
- 2 Studieplan